

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 16.10.2024

**Vår ref.:** 202402439-13/202314829-3/  
202410184-4

**Dykkar ref.:**

## Høyring av meldingar om ny 420 kV kraftleidning Sauda–Blåfalli–Mauranger–Samnanger–Øygarden

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke tre meldingar frå Statnett SF for ny 420 kV kraftleidning frå Sauda i Rogaland via Blåfalli, Mauranger og Samnanger til Øygarden i Vestland fylke. Meldingane gjer ei overordna beskriving av Statnetts planar og forslag til kva konsekvensutgreiingar dei meiner må gjennomførast før det kan søkjast om konsesjon. Tiltaket påverkar Sauda, Etne, Kvinnherad, Ullensvang, Kvam, Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Alver, Askøy og Øygarden kommunar.

**Dei tre meldingane sendast med dette på ei felles høyring. Høyringsfristen er sett til 16. januar 2025.**

Dei tre meldingane er tilgjengelege på NVEs internettsider:

- 420 kV Sauda–Blåfalli: [www.nve.no/16181/a](http://www.nve.no/16181/a)
- 420 kV Blåfalli–Mauranger–Samnanger: [www.nve.no/20465/a](http://www.nve.no/20465/a)
- 420 kV Samnanger–Øygarden: [www.nve.no/19275/a](http://www.nve.no/19275/a)

### Kva er ei melding?

Ei melding er ei tidleg varsling av eit tiltak og gjer ei overordna beskriving av ein utbyggjars planar med vurdering av moglege verknader for omgjevnadane. Vidare blir det gjeve eit forslag til kva konsekvensutgreiingar utbyggjar meiner må gjennomførast før det kan søkjast om konsesjon seinare i prosessen. Dette blir kalla eit utgreiingsprogram.

Føremålet med meldingane er å gje dei som kan bli påverka av tiltaket informasjon om planane, samtidig som desse får høve til å kome med fråsegn og innspel til kva som bør greiast ut vidare. På bakgrunn av meldinga, og innkomne høyringsfråsegner, vil NVE fastsetje endelege krav til kva konsekvensutgreiingar som må gjennomførast.

Ønskjer du meir detaljert informasjon om kva ei melding er, så kan du finne dette her: [Utforming av melding om nettanlegg \(nve.no\)](http://www.nve.no/Utforming-av-melding-om-nettanlegg)



## Dei tre meldingane

### *420 kV Sauda–Blåfalli*

Tiltaket inneber ein ny om lag 37 km lang 420 kV kraftleidning frå Sauda til Blåfalli og ny transformatorstasjon i Blåfalli. Statnetts melde trasear er vist i kart 1 nedst i dette brevet. Eksisterande 300 kV leidning på same strekning, som er gammal og har låg overføringskapasitet, vil bli rive når den nye leidningen blir sett i drift. Tiltaket påverkar Sauda kommune i Rogaland fylke og Etne og Kvinnherad kommunar i Vestland fylke.

### *420 kV Blåfalli–Mauranger–Samnanger*

Tiltaket inneber ein ny om lag 90 km lang 420 kV kraftleidning frå Blåfalli via Mauranger til Kvamskogen sør for Samnanger og ny transformatorstasjon i Mauranger. I tillegg kan det bli behov for nye stasjonar ved Ænes eller Fureberg sørvest for Mauranger. Strekninga mellom Kvamskogen og Samnanger transformatorstasjon er allereie bygd for 420 kV. Statnetts melde trasear og stasjonsplasseringar er vist i kart 2 nedst i dette brevet. Eksisterande 300 kV leidning på strekninga Blåfalli–Mauranger–Kvamskogen, som er gammal og har låg overføringskapasitet, vil bli rive når den nye leidningen blir sett i drift. Det same gjeld Statnetts anlegg i dagens Mauranger transformatorstasjon. Tiltaket påverkar Kvinnherad, Ullensvang og Kvam kommunar i Vestland fylke.

### *420 kV Samnanger–Øygarden*

Tiltaket inneber ein ny om lag 60 til 90 km lang 420 kV kraftleidning frå Samnanger til Øygarden. Statnetts melde trasear er vist i kart 3 nedst i dette brevet. Tiltaket påverkar Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Alver, Askøy og Øygarden kommunar i Vestland fylke.

## Kva slags innspel ønskjer NVE i samband med høyringa?

Gjennom høyringa av meldingane ønskjer NVE spesielt innspel på følgjande:

- Manglar i Statnetts forslag til konsekvensutgreiingar (utgreiingsprogram), eksempelvis tema eller spesielle lokale forhold som ikkje er vareteke og metodar som bør nyttast til særskilde tema i utgreiingane.
- Innspel til Statnetts melde leidningstrasear
- Om det er nye trasear som bør greiast ut utover dei som er melde

Det er først etter høyringa av konsesjonssøknadene seinare i prosessen NVE vil ta stilling til om Statnett skal få lov til å byggje kraftleidningane. Vi gjer derfor merksame på at innspel for eller mot tiltaka, under dette behovet for tiltaka, er mindre relevante i denne høyringa.

## Korleis kan høyringsfråsegner sendast inn?

Du kan sende høyringsinnspel til tiltaka via nettsida i saka. Desse er:

- 420 kV Sauda–Blåfalli: [www.nve.no/16181/a](http://www.nve.no/16181/a)
- 420 kV Blåfalli–Mauranger–Samnanger: [www.nve.no/20465/a](http://www.nve.no/20465/a)



- 420 kV Samnanger-Øygarden: [www.nve.no/19275/a](http://www.nve.no/19275/a)

Det er også mogleg å sende fråsegner på e-post. Merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202314829 for strekninga Sauda-Blåfalli, 202410184 for strekninga Blåfalli-Mauranger-Samnanger eller 202402439 for strekninga Samnanger-Øygarden. Hugs å oppgje namn og eventuelt organisasjonsnummer i innleiinga.

Høyringsinnspel kan også sendast per brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo.

Høyringsfråsegner må sendast til NVE innan **16. januar 2025**.

### **Offentlege møte om prosjekta**

NVE vil halde offentlege møte om tiltaka. Vi vil varsle om tid og stad for møta via eige brev seinare. Møta vil også annonserast i aktuelle aviser. På møta vil NVE orientere om behandlinga av meldingane. Statnett vil vere til stades og orientere om planane sine. Møta vil vere opne for alle interesserte.

### **Informasjon til kommunane og regionale myndigheiter**

NVE vil halde orienteringsmøte om tiltaka med dei ramma kommunane. Vi håpar på brei deltaking både frå den politiske leiinga og administrasjonen i kommunen, under dette representantar for det faste utvalet for plansaker. Tid og stad for møta blir avtalt direkte med kommunane. Representantar frå statsforvaltaren og fylkeskommunen er også inviterte, og blir bedne om å kontakte NVE ved ønske om deltaking.

Vi ber kommunane om å leggje meldingane ut på internettsidene sine og ev. Facebook-sider, og å orientere aktuelle lokale velforeningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m.fl. om meldinga.

### **Har du spørsmål om saka?**

Spørsmål om Statnetts planar kan rettast til prosjektleiar Kenneth Teigenes, tlf. 45 02 27 27, e-post [kenneth.teigenes@statnett.no](mailto:kenneth.teigenes@statnett.no) eller kommunikasjonsrådgjevar Marianne Veggeberg, tlf. 95 09 53 12, e-post [marianne.veggeberg@statnett.no](mailto:marianne.veggeberg@statnett.no).

Opplysningar om NVEs sakshandsaming kan fåast ved å kontakte NVE på e-post: [nettkonsesjoner@nve.no](mailto:nettkonsesjoner@nve.no).

Med helsing

Ingrid Myrtveit  
seksjonssjef

Tor Carlsen  
seniorrådgjevar

Herman Lange Johnsen  
seniorrådgjevar

Stian Holte  
seniorrådgjevar



*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.*

**Mottakarliste:**

Seim grunneigarlag  
STATENS VEGVESEN  
ROGALAND FYLKESKOMMUNE  
STATSFORVALTEREN I ROGALAND  
Den Norske Turistforening  
SAUDA KOMMUNE  
BERGEN KOMMUNE  
ETNE KOMMUNE  
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
KVINNHERAD KOMMUNE  
SAMNANGER KOMMUNE  
ASKØY KOMMUNE  
VAKSDAL KOMMUNE  
OSTERØY KOMMUNE  
NORGES NATURVERNFORBUND  
Forsvarsbygg  
MILJØDIREKTORATET  
Norges Miljøvernforbund  
Naturvernforbundet i Rogaland  
NORGESNETT AS  
TELIA NORGE AS  
TELENOR NORGE AS  
BKK AS  
Birdlife Norge  
Luftfartstilsynet  
Norskog  
Kystverket  
AVINOR AS  
KVAM HERAD  
Mattilsynet  
BERGEN OG HORDALAND TURLAG  
Vestland Bondelag  
Fiskeridirektoratet  
Forum for natur og friluftsliv Rogaland  
Norges Skogeierforbund  
Askøy turlag  
NORDHORDLAND TURLAG  
Odda/Ullensvang turlag  
ROGALAND NATUR OG UNGDOM



Fortidsminneforeningen Rogaland fylkesavdeling  
Rogaland Bonde- og Småbrukarlag  
NORGES JEGER OG FISKERFORBUND ROGALAND  
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND  
Friluftsrådet Vest  
Kvinnherad Jeger og Sportsfiskarlag  
Fortidsminneforeningen i Hordaland  
Hordaland Bonde- og Småbrukarlag  
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland  
Etne Turlag  
Statkraft Energi AS, Region Vest-Norge  
Villreinrådet i Norge  
Landbruksdirektoratet  
Samnanger Jeger og Fiskerlag  
Norges fiskarlag  
FISKEBÅT  
Naturvernforbundet i Nordhordland  
FAGNE AS  
SØR-NORGES FISKARLAG  
Norsk Friluftsliv  
Samnanger turlag  
Jondal Bondelag  
Samnanger Bondelag  
Jondal Bonde- og småbrukarlag  
Kvinnherad Bonde- og småbrukarlag  
Kvam Skogeierlag  
Indre Hardanger skogeierlag  
Osterøy Turlag  
Osterøy JFL  
ETNE JEGER- OG FISKERFORENING  
INDRE HORDALAND KRAFTNETT AS  
Etne bonde- og småbrukarlag  
ETNE BONDELAG  
ETNE SKOGEIGARLAG  
Haugaland Natur og Ungdom  
Sauda Turlag  
NORGES LUFTSPORTFORBUND  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)  
MOTVIND NORGE  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
ØYGARDEN KOMMUNE  
ALVER KOMMUNE  
ULLENSVANG KOMMUNE  
SAUDA JEGER OG FISKERFORENING




STIFTELSEN MUSEUM VEST  
KVAM ENERGI NETT AS  
Natur og Ungdom Vestland  
Pelagisk forening  
NATURVERNFORBUNDET I ASKØY  
NATURVERNFORBUNDET I HARDANGER

**Kopimottakarliste:**


Klima- og miljødepartementet  
Norsk institutt for by- og regionforskning  
STATNETT SF  
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)  
Energidepartementet  
HAVINDUSTRITILSYNET



## Vedlegg




Kart 1: Meldte trasear på strekningen Sauda-Blåfalli vist ved rød strek. Gul og sort strek viser dagens leidning som skal rivast. Kjelde: Statnetts melding Sauda-Blåfalli.



Kart 2: Meldte trasear på strekningen Blåfalli-Mauranger-Samnanger. Kjelde: Statnetts melding Blåfalli-Mauranger-Samnanger.





**Kart 3: Meldte trasear på strekningen Samnanger-Øygarden. Kjelde: Statnetts melding Samnanger-Øygarden.**